



TUSSA

Tertialrapport 1 2021



85

Driftsresultat (60)

93

Resultat før skatt (24)

256

Kraftproduksjon GWh (276)

333

Omsetning (315)

3 146

Totalkapital (2 929)

33

Eigenkapitalprosent (34)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal
for 1. tertial 2020 står i parentes

Rekneskap 1. tertial 2021

Rekneskapen for 1. tertial 2021 syner eit driftsresultat på 84,5 mill. kr (60,2) og eit resultat før skatt på 93,1 mill. kr (23,9). Omsetninga vart 333,2 mill. kr (314,9), totalkapitalen er 3 146,3 mill. kr (2 929) og eigenkapitalprosenten er 33,4 % (33,5). Netto finans syner eit resultat på 8,6 mill. kr (-36,3). Tilsvarande tal for 1. tertial 2020 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 24,3 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2020. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare kraftpris som gir betre resultat innanfor kraftproduksjon. Tussa Installasjon AS har også hatt ei positiv resultatutvikling samanlikna med 1. tertial 2020, medan Tussa IKT AS og Mørenett AS viser lågare resultat enn i fjor. Tussa-24 AS er ikkje lenger ein del av konsernet. I fjor bidrog kraftomsetning med 5,6 mill. kr til driftsresultatet.

Netto finans viser 8,6 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 45 mill. kr betre enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka til resultatbetringa er urealisert effekt av kursending på eurolån. I tillegg kjem auke i marknadsverdi på euroNOK rentebyteavtale, som følgje av styrka kronekurs.

Det er estimert 22 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det estimert 14,9 mill. kr (3,5) i grunnrenteskatt. Skattekostnaden er 38 % av konsernresultatet før skatt, mot 35 % i 2020. Resultat etter skatt er 57,9 mill. kr, som er 42,5 mill. kr betre enn ved 1. tertial 2020.

Investeringane er på 70,1 mill. kr (68,5), i hovudsak fordelt på nett med 31,5 mill. kr (25,1), IKT med 28,2 mill. kr (30,1) og produksjon med 8,2 mill. kr (12,5). Konsernet har fleire gode høve til lønsame investeringar framover, men ser samstundes at det kan vere utfordringar med å finansiere prosjekta.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon vart 46,1 mill. kr som er 36,3 mill. kr betre enn på same tidspunkt i 2020. Auken skuldast i all hovudsak høgare kraftprisar.

Akkumulert kraftproduksjon vart 256,4 GWh (276,3). Produksjonen ved utgangen av tertialet var om lag 94 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 104 % av normalt.

Magasinfyllinga ved utgangen av tertialet var på 21 % av maksimal fylling, som er høgare enn normalen for årstida. Vassmagasina i Norden har litt over normal fylling, og snømagasina er også litt over det som er vanleg for årstida. Hydrologisk balanse i Norden er om lag 9 TWh over gjennomsnittet. Prisane på naturgass og kol har vore sterkt stigande, og det same har skjedd med CO₂-kvotar. Marginalprisar for å produsere fossil kraft ligg mellom 60 og 70 øre/kWh. Gjennomsnittleg spotpris (NO3) har vore 35,7 øre/kWh (13,1) i tertialet.

Normalt vedlikehald er utført, og det har ikkje vore større driftsavbrot i perioden.

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 28,7 mill. kr (34,6), og eit resultat før skatt på 26,0 mill. kr (29,4). Hovudårsaka til reduksjon i driftsresultatet er at inntektsramma er lågare i 2021 enn i 2020.

Selskapet jobbar med implementering av rutinar og prosessar for å effektivisere drifta ytterlegare, noko som er heilt naudsynt for å ha god lønsemd og oppnå gode resultat. Netto finanspostar er redusert med 2,5 mill. kr, og dette skuldast i hovudsak lågare rente.

Den utførande aktiviteten i nettet har vore god dette tertialet. Det gjeld spesielt innanfor drift, vedlikehald og reinvesteringar i lokalt distribusjonsnett, som har blitt prioritert etter at koronapandemien braut ut.

IKT

Omsetninga for 1. tertial vart 79,0 mill. kr, og dette er ein auke på 10,1 % samanlikna med same periode i 2020. Driftsresultatet vart 9,9 mill. kr (11,1).

Forretningsområdet IT har hatt ei god utvikling innanfor IT-avtalar, konsulenttenester og handelsvare. Dette har medført ein omsetningsvekst innanfor forretningsområdet på 5,9 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2020. Selskapet er ISO 27001-sertifisert, og opplever no ein aukande etterspurnad etter sikkerheitstenester. Det er god etterspurnad etter IT-tenester i marknaden, og det er tilsett fem nye medarbeidarar. Dette vil redusere resultatet litt på kort sikt.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein vekst i omsetninga på 2,8 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2020. Hovudforklaringa til dette er meir sal av internett og TV til privatmarknaden. Så langt er det levert fiber til 12 790 hushald og 858 bedrifter.

Vidare vil selskapet byggje ut resten av dugnadsområda, delta på konkurransar utlyst av NKOM og fortette utbygde felt. Der er også eit godt potensiale for å levere meir fiber til bedriftsmarknaden.

Dei tenestene selskapet leverer innanfor breiband og IT er oppfatta som samfunnskritiske. Som følgje av koronasituasjonen har etterspurnaden etter desse tenestene auka.

Installasjon

Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet installasjon ein auke i omsetninga på vel 31 % samanlikna med same tid i 2020. Driftsresultatet vart 1,4 mill. kr (1,2).

Auka omsetning kjem i hovudsak som følgje av stor aktivitet i prosjektmarknaden. I tillegg har selskapet god tilgang på serviceaktivitet både i privat- og næringsmarknaden. Basert på røynsle er resultatskapinga større i andre halvår enn i første, og det er forventet god aktivitet også mot slutten av året. Selskapet forventar å ha tilfredsstillande tilgang på arbeid i 2021, ettersom det er signert fleire større kontraktar som skal ferdigstillast i 2021 og 2022.

Utsikter for 2021

Den gjennomsnittlege kraftprisen på NordPool pr. 1. tertial har vore vesentleg høgare enn på same tid i fjor, og marknaden forventar at prisen på kraft for resten av året også vil vere høgare enn i fjor. Resultatet for kraftproduksjon vil då verte vesentleg betre enn i fjor. For dei andre forretningsområda er det forventet resultat på linje med fjoråret. I fjor var konsernresultatet også prega av store eingongseffektar og svært låg skatteprosent. Årsresultatet etter skatt for 2021 er difor forventet å bli lågare enn i 2020.

Energiselskapet Stryn

I første tertial vart avtalen om å overta Energiselskapet Stryn slutført. 28. april godkjende generalforsamlinga i Tussa Kraft AS transaksjonsavtalen der Stryn kommune overdreg alle aksjane i Energiselskapet Stryn til Tussa Kraft AS. Som motyting får Stryn kommune ein aksjepost i Tussa Kraft AS på 7,2 %. Gjennomføring av avtalen er fastsett til 1. juli. Etter det vil dei ulike forretningsområda i Energiselskapet Stryn bli slege saman med tilsvarande forretningsområde i Tussa. Det er forventa at prosessen er slutført i løpet av hausten 2021.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat 1. tertial	2021	2020
Salsinntekt	130 354	107 876
Energisal	101 402	103 935
Nettinntekt	97 299	97 250
Anna driftsinntekt	4 142	5 797
Sum driftsinntekt	333 197	314 858
Varekostnad	41 387	31 022
Energikjøp og overføringskostnad	43 556	69 803
Lønskostnad	79 363	71 347
Annan driftskostnad	36 962	36 506
Sum driftskostnad før avskr.	201 269	208 678
EBITDA	131 928	106 181
Avskrivning og nedskrivning	47 413	45 936
Driftsresultat	84 515	60 245
Netto finans	8 631	-36 347
Resultat før skatt	93 147	23 897
Estimert skattekostnad	35 254	8 465
Resultat etter skatt	57 893	15 433

Balanse 1. tertial	2021	2020
Anleggsmidler	2 922 641	2 709 304
Omløpsmidlar	223 636	219 742
Sum egedelar	3 146 276	2 929 046
Eigenkapital	1 051 539	981 218
Avsetning for forpliktingar	36 063	46 991
Langsiktig gjeld	1 761 650	1 591 789
Kortsiktig gjeld	297 024	309 047
Sum gjeld og eigenkapital	3 146 276	2 929 046

Resultat 1. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Kraftproduksjon	102 549	63 123	61 250	24 396	46 141	9 866	59 752	-29 378
Kraftomsetning	0	45 924	0	5 890	0	5 642	0	5 732
Nett	107 512	105 523	43 032	49 545	28 746	34 640	25 994	29 399
IKT	79 027	71 775	27 361	26 666	9 879	11 109	7 327	8 680
Installasjon	59 467	45 213	2 346	2 278	1 402	1 187	1 392	1 171
Andre	10 261	9 574	-2 061	-2 594	-2 206	-2 750	-1 872	7 743
Eliminering	-25 620	-26 274	0	0	554	551	554	551
Sum	333 197	314 858	131 928	106 181	84 515	60 245	93 147	23 897